Konsert i Åkra kyrkje 08.12.

09.12.2016

Røysterett for Alle då dei opptredde under haustfesten i Helgheim.

Røysterett for Alle hadde invitert seg sjølv til konsert i kyrkja i Åkra denne kvelden. For å få til litt variasjon i stoff og klang, hadde me fått med oss Glimrah, samt sett Haldor Tveit til å akkompagnera både ein allsong og "Tre kongar frå Bolivia" med koret på trekkspel.

Om lag 35 tilhøyrarar hadde møtt fram til eit til saman 1,5 times variert program.

Røysterett opna med "Benedictus", og heldt fram med både julesongar og anna, før Glimrah, etter allsong "Ei krubbe var vogga" (til trekkspelakkompagnement av Haldor), hadde ei avdeling. Dette koret er absolutt verd å høyra på, og me rår til at flest mogleg får med seg konserten dei arrangerer i Valen kyrkje 17.12. Dei vil då i tillegg by på mat! Renate Koløy les eit dikt før Røysterett avslutta det heile med ei avdeling til. Trass noko stutt førebuing av julerepertoaret, hadde me som song, ei kjensle av at det heile gjekk riktig bra.

Så vidt eg kjenner til, kom alle seg vel heim i løpet av kvelden.

Tekst: Svein Rimestad
Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland